

2026.09.01.

Referat frå medlemsmøte Equinor Seniorklubb Mongstad tirsdag 1 september.

Arvid ynskte alle velkomen til 1. møte i haust, den 1. september, og synte til den triste meldinga om at kong Harald sitt dødsfall.

September kjem av det latinske ordet septem, som betyr «sju», den 7. månaden i den romerske kalendaren, og navnedag 1. september er: Solveig og Solvor.

Mange medlemar i Seniorklubben har bursdag og runde dagar denne månaden, men ingen har bursdag den 1.

Medlemstalet pr. 1.9. på 269, nokså stabilt.

Seniorklubben har invitert Einar Våge som leiar av Grennsport Mongstad til å fortelja om framtidsplanar for Mongstad- området.

Det var mykje interessant å høyra, men det meste i planleggingsfasen enno.

To firma er alt på plass med ny teknologi:

- **Floccan**, som nyttar trykket på 400 - 500 meter under sjøen til avsalting av sjøvatn.

- **Inframer**, som tar imot alt slags plastavfall, gjer plasten rein og lagar små kuler av den. Kulene vert så sendt til fabrikkar der desse vert nytta som råstoff for ny produksjon av plast.

Arvid overrakte Einar blomar som takk for foredraget.

Deretter vart det servert mat og kaffi.

Etter maten vart litt det info frå styret og tur/festnemnd.

Frå styret:

Randi refererte frå felles møte mellom Equinor Seniorklubb Mongstad,

Pensjonistforbundet Austrheim og Pensjonistforbundet Lindås, den 10. juni.

Saksliste for møtet var:

1. Introduksjon frå kvart lag
2. Koordinering av aktivitetar og arrangement
3. Kommunikasjon og samhandling
4. Eventuelt

1. Arvid informerte om Seniorklubben, som har 265 medlemar, har både turnemnd og festkomite i tillegg til styret. Medlemsmøte er første tirsdag i månaden på Kilstraumen Brygge og varar ca 2 timer med forelesarar eller kulturelle innslag.

På klubben si heimeside finn ein informasjon om klubben, aktivitetar og turar samt informasjon til medlemmane frå Equinor sentralt.

1. Helge Fjellanger informerte om Pensjonistforbundet Lindås, som har 303 medlemmar og eit felles slagord: Felleskap og Aktivitet. Dei har turgruppe for både kulturelle turar og trimturar som foregår i nærområdet. Medlemsmøte er siste torsdag i månaden på Westland Hotell med varierende kulturelle og faglige innslag.
Lindås har også eige sangkor: «Berre på gøy», driv elderkafeen med assistanse frå ungdomskulen, driv med frivillig støtte til hjelp for aktivisering ved Lindås Bu- og Service. Har laga eigen kalender med god oversikt over møte og aktivitetar.
1. Olav Mongstad presenterte Pensjonistforbundet Austrheim, som har 130 medlemmar. Dei vart etablert i 2023. Medlemsmøte onsdagar på Kilstraumen Brygge eller Seniorsenteret, med gjesteforelesarar, kulturelle innslag, utlodning og servering. Nyttar Facebook som infirmasjonsplattform. Samarbeidar med fleire lag og organisasjonar for gjennomføring av turar og aktivitetar.
Skal arrangera datakurs for pensjonistar der elevvar frå Austrheim VGS underviser.
- Torbjørn Huseby er leiar i Helseutvalget i Pensjonistforbundet Hordaland og held foredrag om tema innan helse.
- Jan Ove Synnevåg held foredrag om sikkerhet i heimen.
Eit anna fokusområde er dialog med kommunen om bygging av fleire eldrebustadar slik at eldre skal få bu i nærområdet i tilpassa bustad.
2. Pensjonistforeningane deler aktivitets planar godkjend av årsmøte samt held ein god dialog for å unngå aktivitetar på same tidspunkt.
3. Seniorhelsa er ei gruppe på 6 personar som er svært engasjert i å bidra til at seniorar held seg fysisk aktive.
Laga kan invitera kvarandre til deltaking på trimturar.
Lindås har tradisjon med å arrangera eldredagen 1. oktober på Lindås med foredrag, kulturelle innslag og middag.
Det vert også jobba med aldersvenleg transport og betre tilrettelegging for rullestolbrukarar.
4. Equinor Seniorklubb Mongstad kalla rinn til oppfølgingsmøte ii september.

Frå styret:

Håkon informerte om momskompensasjon. Denne utgjer 8 % av driftsutgiftene til klubben. Alt er godkjend i Brønnøysundregisteret.

Arvid:

Det er ukjent respons på e-posten frå Austrheim VGS om forespørsel etter lærarar.

Arvid og Håkon:

Representer Equinor Seniorklubb Mongstad i møte med Seniorforum i Oslo den 29 – 30 september.

Jan Arild:

Rapporterte frå ein fin tur til Telemark. Det vert ikkje lagt opp til fleire turar til hausten enn turen til forestillinga Waterloo i Forum den 29. oktober.

Arne: Delte litt info om julebordet, meir info kjem til dei påmelde seinare i haust.